



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1374 - 17/26859


Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
20.09.2017

Gjeld mottatt fotodokumentasjon på at leikeplass er sikra med gjerde - gbnr 137/188 Alver

Lindås kommune viser til vedtak om mellombels bruksløyve for infrastruktur på gbnr 137/188 datert 14.09.2017 og fotodokumentasjon av at leikeplassen er sikra med gjerde mottatt 15.09.2017.

I punkt 3.7.2 i føresegnene til reguleringsplanen står det at «Leikeplassen skal sikrast med gjerde mot parkeringsplass og gatetun/kjørbar gangveg, og vere sikra mot forureining og annan helsefare.» I følgje plankartet er heile det grønfaraga arealet avsett til leikeplass.



Leikearealet som er sikra er etter kommunen si vurdering ikkje i samsvar med krav sett i føresegner og plankart. Sikring av leikeplassen med gjerde var ein føresetnad for at det vart gitt mellombels bruksløyve



for infrastruktur og bustadar, jf vedtak om mellombels bruksløyve for firemannsbustaden og seksmannsbustaden som begge er datert 14.09.2017.

Forholdet må rettast. Vi ber om at dokumentasjon på at leikeplassen er sikra i samsvar med krav i reguleringsplanen vert send kommunen seinast innan 5. oktober.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bolig & Eiendom AS

Stølen 26

5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSEN